

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL**MØTEINNKALLING**

Dato: onsdag 12. februar 2025
Tid: kl. 15.00
Stad: Vindafjord rådhus, Ølen

Forfall melder du til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 959 86 977
eller på e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gje melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vil bli innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off.l.*, blir berre sendt medlemmer/varamedlemmer.

Sakskart vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Kommunedirektøren er invitert

SAKSLISTE:

01/25 Godkjenning av protokoll frå møtet 06.11.24

02/25 Orientering om oppvekst v/kommunalsjef

03/25 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – «plan og byggjesak»

04/25 Plan for orienteringar frå administrasjonen og kommunale selskap

05/25 Årsmelding for kontrollutvalet 2024

06/25 Referat- og orienteringssaker

Ymse

Aksdal, 05.02.25

Håvard Rørtveit
Kontrollutvalsleiar

Sjur Hatlen
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Kommunedirektør (er invitert)
Varamedlem (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	12.02.25	01/25
Saksansvarlig	Arkivkode	
Sjur Hatlen	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 06.11.24

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møtet i Vindafjord kontrollutval 06.11.24 blir godkjent slik han ligg føre.

Saksvedlegg: Protokoll frå møtet 06.11.24

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 06.11.24 følgjer vedlagt. Protokollen er førebels godkjent av leiar i etterkant av møtet og sendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje komme merknader til vedlagte protokoll.

Protokollen blir formelt godkjent i dette møtet, utvalsleiar evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 05.02.25

Sjur Hatlen
Rådgjevar/utvalssekretær

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL**PROTOKOLL**

Onsdag **6. november 2024** blei det halde møte i Vindafjord kontrollutval under leiding av leiar Håvard Rørtveit.

MØTESTED:	Vindafjord rådhus, formannskapssalen
MØTESTART/SLUTT:	Kl. 14.00 – 15.40
MØTENDE MEDLEMMER:	Håvard Rørtveit (H), Steinar Skartland (Krf) og Knut Jørgen Sandvik (VL)
MØTENDE VARAMEDLEMMER:	1. vara Dagfinn Kvamme (Frp) og 2. vara Ingrid Charlotte Søndena (H)
FORFALL:	Liv Hovland Ruud (SV) og Olaug Mari Øen (Sp)
FRA SEKRETARIATET MØTTE:	Utvalssekretær Sjur Hatlen - Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRA ROGALAND REVISJON:	Statsautorisert revisor Therese S. Bjørkeland, forvaltningsrevisor Heidi Stenevik deltok på telefon i sak 26
FRA ADMINISTRASJONEN:	Kommunalsjef for samfunnsutvikling Halfdan Krohn Brekke i sak 24
ANDRE SOM MØTTE:	Ordfører Ole Johan Vierdal i sak 24
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTEN:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**SAK 23/24 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 11.09.24****Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Protokoll frå møtet i Vindafjord kontrollutval 11.09.24 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 06.11.24:

Utvalet hadde ingen merknader. Protokollen blei godkjent slik han var lagt fram.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 06.11.24:

Protokoll frå møtet i Vindafjord kontrollutval 11.09.24 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 24/24 ORIENTERING OM SAMFUNNSUTVIKLING – V/KOMMUNALSJEF**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Vindafjord kontrollutval tar gjennomgangen om samfunnsutvikling frå kommunalsjef Halfdan Krohn Brekke til orientering

Handsaming i kontrollutvalet 06.11.24:

Kommunalsjef for samfunnsutvikling Halfdan Krohn Brekke viste ein presentasjon og orienterte om sitt ansvarsområde. Han viste eit organisasjonskart over dei ulike einingane og presenterte einingsleiarane. Vidare informerte han om einingane sine budsjett, tal på tilsette og tenestetilbod.

Vidare gjorde han greie for tilsynsstrategi, planstrategi, utfordringar knytt til demografi og at det er mange fagfelt som skal virke saman. Han forklarte også om utfordringar knytt til rekruttering av fagpersonell og kva tiltak kommunen vurderer å setje i verk for å møte desse utfordringane.

Medlemmene fekk svar på spørsmål om mellom anna sjølvkost, risiko med vedlikehaldsetterslep og internkontroll.

Ordførar fortalde kort om si erfaring med tidligare gjennomført forvaltningsrevisjonsprosjektet om plan og byggjesak.

Utvalsleiar takka for ei grundig og interessant orientering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 06.11.24:

Vindafjord kontrollutval tar gjennomgangen om samfunnsutvikling frå kommunalsjef Halfdan Krohn Brekke til orientering

SAK 25/24 OPPDATERT PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON OG EIGARSKAPSKONTROLL**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Vindafjord kontrollutval vedtar oppdatert Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 slik den ligg føre/med desse endringane.....

Og innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kommunestyre vedtar oppdatert Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 slik den ligg føre.

Vindafjord kommunestyre gir kontrollutvalet delegert mynde til å gjere endringar i planane i samsvar med kommunelova §§ 23-3 og 23-4.

Handsaming i kontrollutvalet 06.11.24:

Leiar innleia med å informere om bakgrunnen for kommunestyret sitt vedtaket og kva som var meint med spissare prioritering av områda. Han var nøgd med sekretariatet sitt framlegg til prioritering av prosjekta.

Medlemmene diskuterte framlegget til plan og blei samde om å behalde planen slik den var føreslått.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 06.11.24:

Vindafjord kontrollutval vedtar oppdatert Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 slik den ligg føre.

Innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kommunestyre vedtar oppdatert Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 slik den ligg føre.

Vindafjord kommunestyre gir kontrollutvalet delegert mynde til å gjere endringar i planane i samsvar med kommunelova §§ 23-3 og 23-4.

SAK 26/24 BESTILLING AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – «KOMPETANSE OG REKRUTTERING»**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Vindafjord kontrollutval bestiller ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Kompetanse og rekruttering» i samsvar med prosjektmandat dagsett 11.10.24 (med dei endringane som kjem fram i møtet).

Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei ramme på 250 timar.

Handsaming i kontrollutvalet 06.11.24:

Leiar innleia om saka og han gav ordet til revisor. Revisor gjekk gjennom mandatets problemstillingar og bakgrunn for val av desse. Ho forklara kva som ligg i omgrepet «triangulering» og kven som er nøkkelpersonar.

Medlemmene diskuterte problemstillingane og om dei var dekkande for det utvalet ønskte få belyst. Forvaltningsrevisor blei ringt opp via Teams og ho utdjupa for utvalet korleis revisjonen har tenkt å gjennomføre prosjektet.

Leiar ønskte ei ekstra problemstilling som skulle belyse korleis kommunen arbeider langsiktig og strategisk for å sikre nok kompetanse framover.

Revisor informerte om at prosjektet er berekna til 250 timar. Dersom det skal tas inn fleire problemstillingar kan prosjektet fort verta for omfattande og det kan bli vanskeleg å svara grundig på alle problemstillingane.

Utvalet blei samd om å ikkje gjere endringar i framlegget til problemstillingar og slutta seg til prosjektmandatet slik det var framlagt.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 06.11.24

Vindafjord kontrollutval bestiller ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Kompetanse og rekruttering» i samsvar med prosjektmandat dagsett 11.10.24.

Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei ramme på 250 timar.

SAK 27/24 MØTEPLAN FOR 2025**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Vindafjord kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2025:

onsdag 12. februar, 14. mai, 17. september og 5. november kl. 14.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet 06.11.24:

Medlemmene og sekretær diskuterte møtedatoane og møtetidspunkt som var føreslått for neste år. Fleire av medlemmene ønskte å endra møtetidspunkt til litt seinare på dagen.

Utvalet blei samde om å behalde møtedatoane, men flytte møtetidspunkt til kl. 15.00.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 06.11.24:

Vindafjord kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2025:

onsdag 12. februar, 14. mai, 17. september og 5. november kl. 15.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

SAK 28/24 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 06.11.24

25. Statusrapport pr. november 2024
26. KST-vedtak sak 53/24 Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll
27. Protokoll frå ekstraordinært møte i Haugalandsrådet 07.10.24
28. Innkalling til rep. møte i Haugaland brann og redning 08.11.24
29. Invitasjon til NKRF sin fagkonferanse 29-30. januar 2025 på Gardermoen

Handsaming i kontrollutvalet 06.11.24:

Leiar gjekk gjennom referatsakene.

Pkt 28; Utvalet ønskte ei sak i neste møte om oppdatering av plan for orienteringar, og at orientering om Haugaland brann og redning IKS blir tatt med i planen.

Pkt 29; Sekretær informerte om konferansen. Medlemmene diskuterte deltaking og blei samde om at dei som ønskjer å reise gir beskjed til leiar eller sekretariat.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 06.11.24:

Referatsaker 25 – 29 blir tatt til orientering.

YMSE

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: onsdag 12.02.25, kl. 15.00

Foreløpige saker: orientering om oppvekst, oppdatere plan for orienteringar og utvalet si årsmelding for 2024.

Ølen/Aksdal, 06.11.24

Håvard Rørtveit
Leiar av kontrollutvalet

Sjur Hatlen
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	12.02.25	02/25
Saksansvarlig		Arkivkode
Sjur Hatlen		216

ORIENTERING OM OPPVEKST – V/KOMMUNALSJEF

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kontrollutval tar gjennomgangen om oppvekst frå kommunalsjef Nils Erik Eide til orientering.

Saksorientering

Utvalet vedtok i møtet 14.02.24, sak 03/24 følgjande:

Vindafjord kontrollutval vedtar følgjande plan for orienteringar frå administrasjonen:

22.05.24 økonomiavd. v/kommunalsjef
 11.09.24 helse og omsorg v/kommunalsjef
 06.11.24 oppvekst v/kommunalsjef

1. møte 2025
 2. møte 2025
 3. møte 2025
 4. møte 2025

Tidsramma vert sett til 30 min. inkludert spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Orienteringane er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjent med kommunen si drift og dei utfordringane kommunen har. Planen/invitasjonen blei sendt kommunedirektøren i etterkant av møtet 14.02.24.

Kommunalsjef oppvekst hadde varslet sekretariatet om at han ikkje kunne møte for å orientere om oppvekst den 06.11.24. Orienteringa blei difor utsett til møtet i februar 2025.

Dersom nokon av utvalsmedlemmene har innspel eller særskilte ønskjer om emne eller spørsmål, må dei varsle sekretariatet om det før møtet.

Aksdal, 05.02.25

Sjur Hatlen
 Rådgjevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	12.02.25	03/25
Kommunestyret		
Saksansvarlig	Arkivkode	
Sjur Hatlen	216	

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «PLAN OG BYGGJESAK»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kommunestyre tar kommunedirektøren si tilbakemelding om oppfølging av revisjonsrapporten om «Plan og byggjesak» til orientering.

Saksvedlegg: tilbakemelding frå kommunedirektøren, dagsett 27.01.25

Bakgrunn:

Vindafjord kommunestyre vedtok samrøystes i møtet 18.06.24, sak 40/24:

1. Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon sin rapport om «Plan og byggjesak» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert sendt øve til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine tre tilrådingar.
3. Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Føremålet med forvaltningsrevisjonen var å vurdere plan- og byggjesakarbeidet i kommunen.

Revisor hadde følgjande tilrådingar:

- Å revidere kommuneplanen, samt oppdatere dei eldste reguleringsplanane for tettstadene i kommunen.
- Å iverksette tiltak for å redusere sårbarheit ved plutsleg endringar i bemanning.
- Å konkretisere målsetjingar og planlagt ressursbruk i strategiplanen for tilsyn.

Oppfølging/tilbakemelding

Kommunedirektøren har i brev dagsett 27.01.25 gjeve tilbakemelding på status for oppfølging av rapporten og korleis tilrådingane har blitt følgt opp. Tilbakemeldinga tar punktvis for seg kvar av dei tre tilrådingane og det er gjeve kommentarar og omtalt kva som er blitt forbetra. Sekretariatet har valt ikkje ta inn kommunedirektøren sine kommentarar/tilbakemelding inn i saksframlegget, så desse må lesast i vedlegget.

Sekretariatet sine kommentarar:

I følgje kommunelova § 23-2 bokstav E og forskrift for kontroll og revisjon § 5, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at forvaltningsrevisjonar blir følgt opp. Dette for å sikre at kontrollen får effekt og bidrar til forbetringar. Utvalet skal også rapportere til kommunestyret korleis merknadene er følgt opp.

Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/manglar i det konkrete tilfellet, då dette er rådmannen sitt ansvar.

Det har vore praksis for at administrasjonen møter i utvalet og orienterar om oppfølginga og/eller svarer på spørsmål, i tillegg til den skriftlege oversendinga.

Sekretariatet meiner kommunedirektøren i denne saka har gjeve ei god og grundig tilbakemelding på korleis revisjonen sine tilrådingar har blitt eller er planlagt følgt opp. Utvalet må vurdere om dei ønskjer ytterligere oppfølging.

Aksdal, 05.02.25

Sjur Hatlen
Rådgjevar/utvalssekretær



Haugaland Kontrollutvalgssekretariat Iks

Dato: 27.01.2025

Postboks 57

Dokumentnummer: 25/282-1

5575 Aksdal

Dykkar referanse:

Saksbehandlar: Yngve Folven Bergesen

Tilbakemelding til kontrollutvalget - Forvaltningsrevisjon Plan og byggesak

Det vert vist til Kommunestyret i Vindafjord Kommune sitt vedtak i sak KS 040/24.

Kontrollutvalet si tilråding til vedtak einstemmig vedtatt med 25 stemmer.

Vedtak:

- 1. Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon sin rapport om «Plan og byggesak» og tek denne til orientering.*
- 2. Rapporten vert sendt øve til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine tre tilrådingar.*
- 3. Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

Rapporten tilrår:

- 1. Å revidere kommuneplanen, samt oppdatere dei eldste reguleringsplanane for tettstadene i kommunen.*
- 2. Å iverksette tiltak for å redusere sårbarheit ved plutsleg endringar i bemanning.*
- 3. Å konkretisere målsetjingar og planlagt ressursbruk i strategiplanen for tilsyn.*

Kommunedirektøren gjev med dette tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet på dei 3 tilrådingane i rapporten.

1) Kommuneplan og eldre reguleringsplanar i tettstadane

Kommuneplan:

Kommuneplanen sin samfunnsdel med arealsstrategiar blei vedteken 18.06.2024. Kommuneplanen sin arealdel blei førstegangsbehandla 10.12.2024, og blir sendt på høyring snarast. Andregangsbehandling av kommuneplanen sin arealdel er planlagt i løpet av 2025.

Eldre reguleringsplanar i tettstadane:

Kommunen sin planstrategi for 2024 til 2027 blei vedteken 10.12.2024. I denne strategien er det planlagt å utarbeide nye eller oppdatere eksisterande planar i Skjold og Ølen, med oppstart i 2025 og vedtak i 2027. Det er også planlagt å begynne på heilskapleg planar for Vikedal og Sandeid i 2027, med

vedtak i neste planstrategiperiode. Vidare planlegg kommunen å ha planvask/gjennomgang av eldre reguleringsplanar som eit pågåande arbeid i heile perioden fram til 2027.

2) Redusere sårbarheit ved plutselig endringar i bemanning

Byggesak:

Kommunen har tre fulltidstilsette byggesaksrådgjevarar. I periodar har ein eller fleire av dei tilsette i desse stillingane hatt sjukefråvær eller anna langtidsfråvær.

Med tanke på saksmengda til byggesak vurderer kommunedirektøren at ei grunnbemanning på tre fulltidstilsette byggesaksrådgjevarar som tilstrekkeleg. I dag har ikkje kommunen fråvær blant byggesaksrådgjevarane. Dei siste to åra, 2023 og 2024, har drifta på byggesak vore stabil, med saksbehandlingstid i samsvar med fristane i plan og bygningslova i nærast alle byggesaker. Eit godt parameteren på dette er å samanlikne innkommande byggesaker med talet på behandla byggesaker:

- 2023
 - o Innkommande saker: 177
 - o Behandla saker: 180
- 2024:
 - o Innkommande saker: 264
 - o Behandla saker: 255

Merk at grunnen til tala ikkje samsvar heilt nøyaktig er at det som regel ligg nokre saker til behandling ved årsskiftet.

Plan:

I budsjett for 2024 blei det oppretta ei ny stilling som planleggar for å auke kapasiteten i kommunen si arealplanlegging. Stillinga skal ha spesielt fokus på overordna planar. Det blei tilsett ein ny planleggar med oppstart 13.01.2025, dette aukar kapasitet på plan betydeleg. Kommunen har med dette tre fulltidstilsette planleggarar.

Dersom det skulle skje plutselig endringar i bemanninga vil følgande bli gjort:

- For både planleggarar og byggesaksbehandlarar vil ein prioritere oppgåver annleis og nedprioritere oppgåver som ikkje er tidssensitive. Eining for areal og forvaltning har faste plan- og byggesaksmøter kvar veke der ein mellom anna prioriterer og fordeler oppgåver.
- Eining for areal og forvaltning har dei siste to åra gjort grep slik at tilsette med andre stillingar kan hjelpe til i byggesaksbehandling og planlegginga ved behov. Funksjonar som har nok kompetanse til å hjelpe i byggesaksbehandling er:
 - o Planleggarar
 - o Jurist
 - o Merkantil funksjon
 - o Einingsleiar areal og forvaltning

Funksjonar som har nok kompetanse til hjelpe i planlegginga:

- Jurist
- Byggesaksbehandlar
- Miljørådgjevar
- Einingsleiar areal og forvaltning

Kommunaldirektøren vurderer at dette er tilstrekkeleg for å handtere plutselige endringar i bemanning. Ved langvarige eller planlagde endringar vil eining for areal og forvaltning vurdere grep som til dømes vikarbruk og/eller kjøp av konsulenttenester for å behandle plan- eller byggesaker.

3) Konkretisere målsetjingar og planlagt ressursbruk i strategiplan for tilsyn

Kommunen har ein strategiplan for tilsyn med byggesaker for perioden 2020 til 2024. Eining for areal og forvaltning arbeider i no med å revidere denne for dei neste fire åra, med ambisjon om politisk behandling første halvdel av 2025. I denne strategiplanen vil måla og planlagt ressursbruk bli konkretisert.

Med helsing

Yngve Folven Bergesen
kommunedirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	12.02.25	04/25
Saksansvarleg	Arkivkode	
Sjur Hatlen	216	

PLAN FOR ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kontrollutval vedtek følgjande plan for orienteringar frå administrasjonen:

12.02.25	oppvekst v/kommunalsjef
14.05.25	om organisasjonen v/kommunalsjef
17.09.25	Øyane ASVO AS
05.11.25	om barnevernet

Tidsramma vert sett til 30 min. inkludert spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Saksorientering:

Kontrollutvalet fekk i løpet av 2024 orientering om kommunens ulike tenesteområder. Utvalet har gitt tilbakemelding om at dei var nøgd med å få slike orienteringar i kvart møte. Medlemmene har på den måten fått innblikk i drifta og kva som skjer innan dei ulike tenesteområdene. Sekretariatet foreslår at opplegget vidareføres også for 2025.

Kontrollutvalet vil på denne måten bli enda betre kjent med kommunens drift og utfordringar, samt at det vil være mulig å invitere kommunalt eide selskap.

Utvalet kan nå oppdatere planen og invitere andre leiarar som for eksempel skolesjef, barnehagesjef, omsorgssjef og fagsjefar.

Sekretariatet har laga eit framlegg til plan for dei ulike orienteringane. Utvalet kan endre på planen slik dei måtte ønskje. Det kan uansett bli endringar dersom foreslått tidspunkt ikkje skulle passe for den som er invitert.

Dersom nokon av utvalsmedlemmene har innspel eller spesielle ønskjer om emne og spørsmål, kan dei sendast sekretariatet i forkant av møtet.

Aksdal, 05.02.25

Sjur Hatlen
Rådgjevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	12.02.25	05/25
Kommunestyret		
Saksansvarleg	Arkivkode	
Sjur Hatlen	216	

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2024

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kontrollutval godkjenner årsmeldinga for 2024 (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

Innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kommunestyre tek årsmeldinga for 2024 frå kontrollutvalet til orientering.

Saksvedlegg: årsmelding for kontrollutvalet 2024

Saksorientering:

I følgje kommuneloven § 23-5 skal ”*kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget*”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2024 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2024 og gir eit samandrag av dei hovudsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker til handsaming og saker til orientering.

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

Aksdal, 05.02.25

Sjur Hatlen
Rådgjevar/utvalssekretær

KONTROLLUTVALET I VINDAFJORD



ÅRSMELDING
2024

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp, drøfta og handsama i 2024.

I følgje kommunelova § 23 - 5 skal **"kontrollutvalet rapportere resultata av sitt arbeid til kommunestyret"**.

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som på vegne av kommunestyret skal syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (eigarskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og i eiga forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og legg fram si innstilling til dette. Kontrollutvalet har eige reglement, vedtatt av kommunestyret fyrste gong i 2012 og det blei revidert i 2020 som følgje av ny kommunelov.

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene. Kontrollutvalet skal ha minst fem medlem, og etter § 23-1 skal minst eit medlem veljast blant kommunestyret sine representantar. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet. Medlemmene kan heller ikkje vere medlem/varamedlem i andre utval, som har avgjerdsrett, eller vere i styret eller bedriftsforsamlingar, der kommunen har eigarinteresser.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

For valperioden 2023-2027 har kommunestyret vald følgjande medlemmer:

Faste medlemmer

Leiar	Håvard Rørtveit (H)
Nestleiar	Liv Hovland Ruud
Medlem	Olaug Mari Øen (Sp)
Medlem	Steinar Skartland (Krf)
Medlem	Knut Jørgen Sandvik (VL)

Varamedlemmer

1. Dagfinn Kvamme (Frp)
2. Ingrid Charlotte Søndena (H)
3. Reidar Havås (Ap)
4. Josef Blikra (Sp)
5. Camilla Synniva Strandnes (Sp)

Utvalsleiar Håvard Rørtveit er utvalet sin kommunestyrerepresentant. Utvalsleiar har møte- og talerett i kommunestyret, når utvalet sine saker blir handsama. Han kan også overlate denne retten til andre medlem i utvalet.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Han har delteke på eit møte i 2024.

Kommunedirektøren har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet. Kommunedirektøren eller andre frå administrasjonen har vore til stades på alle møta i 2024.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider (www.kontrollutvalgene.no). På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2024

Kontrollutvalet har i 2024 hatt 4 møter fordelt på to om våren og to på hausten. Utvalet har opne møte, som blir haldne på rådhuset.

Utvalet har hatt 28 saker til handsaming, kor 7 av sakene blei vidaresendt til handsaming i kommunestyret. 29 saker har blitt lagt fram til orientering. Samla oversyn over saker følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalets oppgåve er å drive systemkontroll. Her under ligg å sjå til at kommunen etterlever gjeldande lover og regler, når dei mål kommunestyret har sett og forvaltar ressursane på ein effektiv måte.

For å nå dette målet har kontrollutvalet innsyn i forvaltninga sine dokumenter og kan be om samtaler med kommunedirektør/administrativ leing for kontroll med administrasjonen. Kontroll med det politiske nivået gjennomførast ved tilgang til alle politiske møte. Kontrollutvalet har også møterett om dørene er lukka – så sant det gjeld ein sak som gjeld kontroll og tilsyn.

Opggåvene er knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer.

4.1 REKNEKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegrer, god kommunal rekneskapsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet handsama i møtet 22.05.24 kommunen sin årsrekneskap for 2023. Årsrekneskapen viste eit netto driftsresultat på kr 46,9 mill.kr, som utgjer 5,0 % av driftsinntektene. Dette er godt øve Statistisk sentralbyrå anbefalte nivå, som er 1,75 %.

Kontrollutvalet hadde inga merknader til rekneskapet. Revisor hadde levert rein revisjonsmelding.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følge kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Forvaltningsrevisjon skjer etter kommunestyret sin plan for forvaltningsrevisjon.

Ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 blei utarbeida i 2024, og var basert på ein Risiko- og vesentleganalyse. Kommunestyret vedtok den nye planen i desember 2024, etter innstilling frå kontrollutvalet.

Rogaland Revisjon sin forvaltningsrevisjonsrapport om «**Plan og byggjesak**» blei handsama av kontrollutvalet og kommunestyret våren 2024. Revisor hadde peika på fleire forbettringspunkt, som var sett opp i tre tilrådingar. Det ble sett ein frist på ni månader for oppfølging av rapporten.

Kontrollutvalet og kommunestyret handsama oppfølging av rapporten «**Digitalisering og IKT**» for andre gong våren 2024. Kommunestyret tok kommunedirektøren si tilbakemelding til orientering.

Utvalet har tinga ein ny revisjonsrapport om «Kompetanse og rekruttering» som vil bli levert hausten 2025.

4.3 EIGARSKAPSKONTROLL

I følge kommunelova er kontrollutvalet pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeide ein plan for gjennomføringa av eigarskapskontroll.

Ny plan for eigarskapskontroll 2024 - 2028 blei vedteken av kommunestyret i desember 2024.

Det blei ikkje gjennomført eigarskapskontrollar i 2024. Tilsyn med selskap kan også bli gjennomført ved at utvalet får orientering frå leiinga i kommunale selskap.

4.4 REVISOR OG REVISJONEN SITT ARBEID

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år eigenerklæring frå ansvarleg revisor. Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte.

Rogaland Revisjon IKS har vore kommunen sin revisor sidan 01.07.21, med Therese S. Bjørkeland som oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor. Samarbeidsavtalen om eigarskap i det interkommunale revisjonsselskapet Rogaland Revisjon IKS blei godkjent av kommunestyret i møtet 22.06.21.

Rogaland Revisjon IKS har, i tillegg til eigenerklæring, presentert plan for revisjonsarbeidet, orientert om interimsrevisjonsarbeidet og lagt fram plan for forenkla etterlevingskontroll.

4.5 ETTERLEVINGSKONTROLL

Kontrollutvalet skal mellom anna «påseat det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak....». Revisor er derfor pålagt å gje ei skriftleg uttale til kontrollutvalet seinast 30. juni. Dette blir kalla «forenkla etterlevingskontroll».

Rogaland Revisjon kom med si uttale for rekneskapsåret 2023 samstundes med godkjenning av årsrekneskapen.

Revisor hadde undersøkt etterleving av bokføringsloven, bokføringsforskriften og skattebetalingsforskriften. Revisor hadde tatt eit uttrekk av totalt 60 bilag og kontrollert om kommunen angir deltakarar og anledning ved bevertning og representasjon, om kommunen angir mottakar og anledning ved kjøp av gåver og velferdsutgifter og om kommunen angir føremål og kven utgifta gjeld ved kostnader til reise- og opphaldsutgifter.

Revisor sin konklusjonen var negativ og det blei sett ein frist for tilbakemelding frå administrasjonen til 01.09.24.

Utvalet var nøgd med tilbakemeldinga som blei handsama i septembermøtet.

4.6 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga er gjennomført ved at utvalet har fått orientering frå kommunedirektøren om spørsmål og saker utvalet har tatt opp.

5. BUDSJETT/REKNESEKAP – KONTROLLARBEIDET

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2024:

KONTROLL OG REVISJON	REGNSKAP 2023	BUDSJETT 2024	RGNSKAP 2024
Utvalets utgifter	59 441	126 000	79 446
